



Høgskulen
på Vestlandet

Studentombodet

Årsrapport 2020

Kontaktinformasjon

Telefon (+47) 458 47 150

E-post studentombodet@hvl.no

Messenger @studentombodet


Sider og sosiale media

Nettstad www.hvl.no/Studentombodet

Facebook @studentombodet

Twitter @studentombodet

Instagram @studentombodet.no



Høgskulen på Vestlandet v/ Studentombodet
Postboks 7030
5020 Bergen



Forord

Studentombodet si verksemd for driftsåret 2020 blei avslutta 18. desember grunna dåverande studentombods overgang til ny jobb. I januar har tenesta blitt ivareteken dels av førre studentombod, dels av advokatfirmaet SANDS. Rapporten tek i hovudsak for seg sakar ved HVL ifrå januar 2020 frem til 18. desember 2020.

Frem til 16. desember fekk studentombodet 176 sakar. Ved årsskiftet 2020/2021 er det ingen saker som ikkje er avslutta. Saker ved HVL løysast generelt raskt, og det har vore eit fåtal av dei 176 sakane som har krev større grad av involvering frå studentombodet. Disse sakane vil løftast særskilt frem i rapporten.

Grunna Covid-19 har reiseverksemda til studentombodet blitt sterkt redusert våren og hausten 2020. Det har difor blitt lagt større vekt på at ein skal drive digital marknadsføring. I løpet av 2020 har profilen til studentombodet blitt endra til å følgje profilen til HVL, slik at det er enklare for studentane å sjå at studentombodet er deira studentombod, og ikkje berre eit ombod for studentar generelt. Videre er dei gamle nettsidene lagt ned, og ombodets nettsider på hvl.no vidareutvikla.

Grunna Covid-19 har det vidare ikkje vore nokre fysiske konferansar for studentombod-nettverket i år. I løpet av våren deltok studentombodet på éin nasjonal digital konferanse for studentombod. Tilsvarande deltok studentombodet på ein nasjonal digital konferanse på hausten. Viktigheita av det internasjonale, og særleg det nasjonale nettverket må seies å vere høg, all den tid studentombodet sin verksemd er basert på eit einmannskontor som i hovudsak arbeider åtskilt frå resten av verksemda.

Til sist vil eg nytte høve til å takke for samarbeidet med både styret, rektor, Studenttinget og resten av organisasjonen. Det har vore kjekt å vere studentombod for dykk i året som var.

God lesing!

Med beste helsing

Kjersti Brevik Møller

Studentombud HVL



Rapport 2020

Sakshandsaming

Det kom inn 176 saker til og med 16. desember 2020, mot 133 saker (t.o.m. september) i 2019, 189 saker i 2018 og 130 saker i 2017. Delt på talet med månader kom det inn omtrent same tall saker i 2020 som i 2019, særleg om ein tar høgde for at det kjem inn lite saker i juni. Det er med andre ord ikkje nokon signifikant endring i saksmengda når en ser på talet saker.

Når det gjeld registrering av ulike typar saker har dette blitt gjort fakultetsvis, etter type sak, og etter i kva grad saken krevjar meir involvering av ombodet enn berre eit kort svar til studenten. Dette er for å gje rektor og styret eit betre bilete av kor mange saker som løysast raskt, og kva saker som tek meir tid. Med tanke på personvern er alle saker berre ført etter desse standardane, og inneheld difor ikkje meir opplysningar om sakas detaljer. (Sjå vedlagte figurer for fakultetsvis/campusvis statistikk, samt statistikk over behandlingsomfang. Alle statestikkar og tal i denne rapporten er utforma 16.12.2020.)

Det opplevast som at dei fleste sakane ved HVL løysast raskt, og at studentane har god kjennskap til studentombod-tenesta. Det er høgast tal saker ved campus Bergen, noko som er naturleg all den tid det er flest studentar der. Det er flest førespurnader frå FLKI og FHS om ein bryt sakane ned på fakultetsnivå. Det er vanskeleg å si om dette er fordi det er meir grunn til å kontakte studentombodet på dei fakulteta eller om det berre er studentane som er flinkare til å seie ifrå om det skjer noko. Ein tendens er det nok til at studentane er flinkare til å seie ifrå.

Sakane som er nemnt i denne rapporten er dei sakane som er meir omfattande enn dette, og som er områder organisasjonen burde forbetre seg på. På tross av at studentombodets mandat er vidt, og difor kanskje noko uklart for mange studentar, er det generelt få tilvisingar, og dei fleste sakane som kjem er difor til rett instans. For nokre saker kunne studentane gått direkte til sei ifrå-systemet, og blir tilvist hit. Det er ein veldig lav prosentdel av studentane som kjenner til dette systemet, og det anbefalast difor organisasjonen å promotere denne ordninga mykje betre, særleg rundt studiestart med nye studentar.

For den vidare framstillinga av rapporten trekkast frem nokre av dei sakane kor studentombodet har måtte involvere seg ytterlegare, og kor organisasjonen har eit klart forbetningspotensiale.

Forutsigbarhet

I rapporten for 2018 ble det løfta frem at arbeidsgruppa for ny studieforskrift hadde føreslått å fastsetje konkrete fristar for når timeplanar skulle føreligge. Det viste seg å vere problematisk for FLKI, og forslaget blei forlagt då studieforskrifta ble vedtatt våren 2019. Det hindrar forutsigbarhet for studentane og er stor svakheit i korleis HVL legg til rette for et godt læringsmiljø.

Mangelen på forutsigbarhet viser seg og i relasjon til mangel på frist for tildeling av praksisstad. I nokre fall må studentane belage seg på lengre reiseveg, eller er avhengig av å finne eit alternativt bustad for praksistida. Dette krevjar at studentane må vite kor praksisplassen ligg ein viss stund i forkant av sjølve praksisen. Å setje ein frist, for eksempel på minimum to veker før praksis for tildeling av plass, er difor noko organisasjonen burde vurdere i det kommande året.

Arbeidskrav

HVL har stort sett vore gode på å legge opp forutsigbare arbeidskrav og det blei i 2019 fastsett frist for endring av obligatorisk undervisning. Dei siste åra har det fleire gongar vore problem med eit arbeidskrav på barnehagelærerutdanninga som inneber at studentane skal drive vinteraktivitet med barn i Bergen. Oppgåva er ein kompensasjonsoppgåve for ein obligatorisk studietur med eigenbetaling. Dette har vore ein utfordring for studentane å planlegge, all den tid det er få dagar med snø i Bergen. Det er ikkje studentombodet sin oppgåve å vurdere om arbeidskravet er hensiktsmessig, men når det er gjentakande utfordringar med eit konkret arbeidskrav over fleire år verker det som naudsynt å gjere styret merksam på det i årsrapporten.

I nemnte tilfelle blei det og reist diskusjon om den alternative oppgåva var ein kompensasjonsoppgåve for studieturen eller ikkje. Her fekk studentane beskjed om at det ikkje skulle sjåast som ein kompensasjonsoppgåve, men at det måtte reknast som ein sjølvstendig oppgåve. Dette er altså feil, og ein obligatorisk oppgåve som er eit alternativ til ein obligatorisk studietur med eigenbetaling må altså dekke dei same læremåla som studieturen.

Lovlighetskontroll

Det har vore tre sakar i året som gjekk kor organisasjonen har vore på kanten av loven. Fyrste tilfelle gjaldt mangelfull rettleiing og tilrettelegging i høve ein gravid student. Når saka kom inn til studentombodet blei dette tatt vidare tak i av organisasjonen, og ein fekk retta opp i manglane. Det nemnast likevel i rapporten all den tid gravide har eit særleg vern i forhold til tilrettelegging, og dette vernet også innehelder ein sterkt plikt for institusjonane til å rettleie rundt moglege løysingar rundt å fortsette studiet.

Ein sak som har vore oppe fleir gonger i løpet av året og tidlegare år er kor vidt institusjonen kan krevje eigenbetaling på obligatoriske studieturar. Studieturar er per definisjon ein tur til eit anna sted enn dei normale undervisningslokala, uavhengig av tidsramme for denne turen. Her føreligg det strenge føringar nasjonalt frå kunnskapsdepartementet, som seier at institusjonane må forhalda seg til gratisprinsippet i høgare utdanning, og såleis ikkje kan krevje anna av studentane enn reelle kostnadar knytt til mat. Dette inneber i praksis at ein ikkje kan krevje at studentane betalar for overnatting eller mat på restaurant og liknande. Dersom ein finn det naudsynt å arrangere ein slik studietur likevel, må institusjonen arrangere ein alternativ, gratis læringsaktivitet på skulen. Dette skal vere ein kompensasjonsoppgåve som inneber dei same læremåla som studieturen. Tatt i betraktning kor ofte denne problemstillinga kommer opp, kan det tyde på at det ikkje er nok bevisstheit rundt dette i organisasjonen. Dette er noko organisasjonen må jobbe med, då det ikkje skal vere slik at studentane må kjempe ein kamp for å oppretthalde gratisprinsippet med jamne mellomrom – dette burde vere sjølvsgt.

Ved minimum tre høve har studentar som har bedd om grunngjeving på karakter etter eksamen på vårparten ikkje fått dette. Dei har heller ikkje fått ein førebels tilbakemelding på kvifor ein grunngjeving ikkje har kommen, og tre av desse studentane kontakta studentombodet oktober 2020 etter at det framleis ikkje fekk svar. Å få grunngjeving på karakter er ein grunnleggande rett studentane har, både gjennom UH-loven, og gjennom forvaltningslova. Om institusjonen ikkje kan oppfylle fristane for tilbakemelding, skal det gis eit førebels svar som studentane kan forhalda seg til, jf. Fvl. § 11 a.

Offentleg verksemd

Den offentlege verksemd til studentombodet har i 2020 skilt seg noko frå tidlegare år. I starten av året var det nytta mykje stand i tillegg til digital marknadsføring. F.o.m. mars har Covid-19 gjort reising rundt på campusane vanskeleg, og hovudfokuset har difor vore meir digitalt. I tillegg til å dele «vekas rett» har studentombodet jobba med å gjere studentrettane meir tilgjengelege for studentane gjennom små filmar. Det har i tillegg vore fleire konkurransar, kor studentane må svare på ulike studentrettar for å vere med i trekning om ein premie. Særleg sistnemnde har hatt god effekt og har engasjert studentane godt i å finne ut kva rettar dei har.

I overgangen ifrå førre ombod til noverande ombod blei til studentombodet endra. Her blei det konkludert med at det var betre å leggje profilen til studentombodet opp mot profilen til HVL for å tydeleggjere at studentombodet var HVL sine studentar sitt ombod. I samband med denne prosessen blei dei gamle nettsidene til studentombodet (studentombodet.no) lagt ned, og sida hvl.no/studentombodet vidareutvikla. Dette gjer det lettare med tanke på utskifting av ombod, all den tid studentombodet.no var ei privat side eid av ein privatperson.

Ombodet har vrt representert i de same eksterne fora og nettverk som i 2019. Nytt av året er at alle samlingar har vore digitale grunna Covid-19, og at den europeiske ombodskonferansen vart avlyst grunna Covid-19. Det vurderast likevel at ein får god nytte av særleg det norske nettverket, og at det gjer mogleik for å løfte generelle problemstillingar på dagleg basis.

Om studentombodet

Studentombodet ved HVL opererer etter en samarbeidsavtale med Høgskolen i Volda også som ombod ved HVO. I utgangspunktet er dette ein avtale som fungerer godt, men dei store avstandane på Vestlandet gjer det noko vanskeleg å vere til stades på alle campusane. Det er difor viktig at ombodet i stor grad tar nytte av digitale løysingar for å nå ut til flest mogeleg studentar.

Nåverande studentombod ved HVL ble tilsett i slutten av 2019 og begynte i stillinga i januar 2020. Som følge av at nåverande ombod sluttar i stillinga 18. desember 2020, vil det bli tilsett nytt ombod våren 2021. I mellomtida vil advokatfirmaet SANDS og nåverande ombod (i januar) ivareta rolla som ombod for studentane.



Det er en svakheit ved ordninga at tenesta er oppretthalden av éin person alene. Ved forutsigbar fråtreiding er det mogleg å skape ordningar for kontinuitet. Dersom fråtreiding skjer utan forutsigbarhet eller det ikkje er mogleg å eines om ordningar for kontinuitet er tenesta svakt sikra. Dette er ikkje en utfordring HVL er alene om. Det er per i dag berre eit studentombodskontor som består av fleire enn éin tilsett i Noreg. Det er no oppe i UH-nett Vest om ein skal starte ein ordning med felles ombod eller kontor, slik at det er mogeleg å skape ein større grad av forutsigbarhet ved fråfall. Utlysing av nytt ombod vil difor komme etter denne vurderinga.

Mandat

§ 1

Studentombodet ved HVL skal vere ein uavhengig bistandsperson som har som oppgåve å gje studentane råd og hjelp der studentane har tatt opp eller ønskjer/vurderer å ta opp tilhøve knytt til sin studiesituasjon. Studentombodet skal sjå til at sakene får ein forsvarleg og korrekt handsaming, og at studentane sine rettar vert ivaretekne.

§ 2

Studentombodet skal aktivt informere om sin funksjon til studentane ved HVL, og gje opplæring til studenttillitsvalde om studentanes sine rettar og plikter.

§ 3

Stillinga skal plasserast i organisasjonen på ein måte som syner at studentombodet har ei særleg uavhengig stilling. Studentombodet kan ikkje instruerast i høve til oppgåvene sine og har sjølv ikkje instruksjonsmynde over einingar ved HVL.

§ 4

Studentombodet skal bidra til at saker kan løysast på rett nivå i organisasjonen. Ombodet har sjølv ikkje mynde til å avgjere saker, og er ikkje klage- eller ankeinstans for saker som er handsama og avgjort av andre einingar eller organ ved HVL.

§ 5

Studentombodet skal kvart år rapportere om si verksemd til rektor. Rapportane leggjast fram for høgskulestyret, studentparlamentet og Læringsmiljøutvalet til orientering. Rektor vert fortløpande orientert om spesielt alvorlege saker, eller saker av prinsipiell tyding.

§ 6

Studentombodet kan på eige initiativ fremje saker direkte for høgskulestyret.

§ 7

Studentombodet kan sjølv avgjere om ho/han kan bistå ein student i ei sak eller ikkje. Det skal alltid grunngjevast når ombodet avslå å bistå i ei sak, og avslaget kan ikkje klagas på. Om studentombodet ikkje kan bistå i ei sak, skal ombodet vise studenten vidare til rette instans.

§ 8

Studentombodet har berre innsyn i dokumenta i ei sak i den grad studenten det gjeld har gitt samtykke til innsyn. Studentombodet har teieplikt om alle har tilhøve ho/han vert kjend med gjennom sitt verke etter Forvaltningslova § 13.

§ 9

Verken studentar eller noko organ ved høgskulen har rett til innsyn i studentombodet sine saker.

§ 10


Både studentar og tilsette skal kunne melde frå studentombodet om kritikkverdige tilhøve knytt til studiesituasjonen ved HVL. Det skal kunne meldast frå konfidensielt.

§ 11


Det er berre høgskulestyret som kan treffe avgjersler om eventuell innskrenking eller nedlegging av studentombodet sitt mandat.




Vedlegg 1: Sakar ukjent campus/felles for campus




Vedlegg 2: Sakar campus Bergen



Vedlegg 3: Sakar campus Haugesund




Vedlegg 4: Sakar campus Stord







Vedlegg 5: Sakar campus Sogndal



Vedlegg 6: Sakar campus Førde



Vedlegg 7: Sakar etter fakultet



Vedlegg 8: Sakar totalt

